

Møtebok 9-24, Lykling sokneråd 2.10.24

Rådsmedlem:

Laila Røksund, Silje E. Oldereide, Hildegunn L. Stautland, Sissel S. Gåsland, Elisabeth H. Grønnevik, Lillian Thorsen, Sverre Leon Larsen

Vara:

Astrid Sakseide (1.vara)

Saksliste:

Saksliste 54-24 Godkjenning av referat og innkalling

Ingen merknader til referat eller innkalling.

Sak 55-24 Meldingar og skriv

Leiar refererte frå siste styremøte i venelaget.

Sak 56-24 Kyrkjevaffel og loddtrekning

Venelaget har fastsett dato for lodd trekning til 8.10 kl 14.00. Planlagt kyrkjevaffel går ut.

Sak 57-24 Graut m/konfirmantane etter lysmesse

Hildegunn L. Stautland og Elisabeth H. Grønnevik blir med frå soknerådet denne kvelden.

Sak 58-24 Salmekveld 30. oktober

Det blir salmekveld 30. oktober kl 19.00.

Sak 59-24 Ymse

Evaluering av open kyrkje

Eit positivt tilbod, som blir nytta. Ser at ein treff ei nerve i bygda og at det kjem nye folk innom frå gong til gong.

Evaluering av tema kveld

Det blei arrangert temakveld i kyrkja 26. september med Martha Gretha Knapskog. Tema var «Tidleg norsk helgentro» og 20 personar kom i kyrkje denne kvelden. Det var mange andre arrangement i kommunen same kveld, dette kan vera lurt å sjekka ut når ein skal arrangera noko igjen.

Feil/øydelt høgtdalar på venstre side i kyrkja

Den eine høgtdalaren er øydelt og det må kjøpast inn ny for å få god nok lyd i kyrkja. Dette er eit kostbart utstyr, og ein må sjå om ein kan få til eit spleiselag for å kjøpa inn dette. Laila og Sissel ber om at dette blir tatt opp i fellesrådet.

Avskjedfest for prosten 20. oktober

Leiar informerte om invitasjon til avskjedsfest for prosten. Lykling sokneråd har dessverre ikkje høve til å vera med på denne.